



Arkivnr: 2019/2778-1

Saksbehandlar: Karl Viken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.03.2019

### Rekneskapsrapport pr. februar 2019

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om økonomistoda ved utgangen av februar. Rapporteringa pr. februar 2019 ber preg av moment og vurderingar som var vesentlege for økonomistoda i 2018, og som også vil gjera seg gjeldande i 2019.

Utgangspunktet for 2019 er eit rekneskapsoverskot i 2018 på knapt 21 mill. kr. Samanlikna med 2017, der resultatet var 107 mill. kr, vart resultatet for 2018 dårligare for nokre delar av drifta. Det var særleg samferdselområdet, og då budsjettet for vegvedlikehald, som hadde eit stort meirforbruk i 2018. Dei to viktigaste momenta med positivt forteikn i 2018 var skatteinngang på 22,5 mill. kr og 26,5 mill. kr i positivt budsjettavvik på rentekapittelet.

Ein del usikre moment i drifta kan gje økonomiske utslag i 2019. Område av høg interesse er kollektivtrafikkinnsektene, nye ferjekontraktar, det samla resultatet for dei vidaregåande skulane og resultatet for tannhelsesektoren.

Det er for tidleg å gje årsprognose basert på rekneskapstala etter 2 månadar. Fylkesrådmannen føreset at fylkesøkonomien skal vere i balanse når rekneskapen for 2019 vert gjort opp. Dette vil krevje stram budsjettdisiplin gjennom året, god økonomirapportering og tiltak i høve til budsjettområde som har negativ drift.

**Økonomi:** Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2019 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
kst. fylkesdirektør øk.- og org.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 18.03.2019

Rekneskapen pr. februar 2019 gjev berre ein peikepinn på den økonomiske stoda i dei ulike sektorane tidleg på året. Det er ikkje nok grunnlag i rekneskapstala eller særskilte haldepunkt for å leggje til grunn noko anna enn at fylkesøkonomien skal vera i balanse ved årets slutt. Dette sjølv om nokre delar av budsjettet, mellom anna tannhelse, har negative tal etter 2 månadar.

Dei to store sektorane opplæring og samferdsel er særsviktige for det samla resultatet til HFK. Opplæringssektoren, inkludert skulane, fekk eit resultat som var i tråd med prognosane og enda med eit lite overskot i 2018. Kollektivområdet enda med eit overskot, medan vegvedlikehaldet fekk eit underskot. Sistnemnde underskot var stort, men mindre enn ein kunne frykta tidligare på året. Til sist avslutta tannhelse 2018 med eit mindre underskot enn kva som har vore resultatet dei siste åra.

Fylkesrådmannen vil i like stor grad som i 2018 prioritere stram økonomistyring i organisasjonen for å halde budsjetttrammene. Sjølv om det er vedteke budsjettredusjonar på dei fleste områda av drifta, så er målet positiv drift i flest mogleg delar av fylkesøkonomien i 2019.

### Rapportering og økonomistyring

Gjeldande rutinar inneber tertialrapportering to gonger i året til fylkesutval og fylkesting. I tillegg til desse to økonomiske hovudrapportane vert det utarbeidd mindre omfattande økonomirapportar pr. februar, juni og oktober som vert lagde fram for fylkesutvalet.

Utover økonomirapportering til politisk nivå har fylkesrådmannen innført ei rapporteringsordning som inneber kvartalsvis budsjettoppfølging for einingane i fylkeskommunen. I tillegg har fylkesrådmannen eit par gonger i året gjennomgang av økonomistoda for leiarskiktet i fylkeskommunen. Dette opplegget vil halda fram også i 2019.

I 2018 vart bruken av økonomisystemet Visma Enterprise utvida. Innføringa av det nye systemet i 2017, og den utvida bruken, har i det heile vore vellukka. Dette har medverka til betre økonomistyring gjennom betre rutinar på økonomiområdet. I 2019 skal ein bygge vidare på dei gode erfaringane, og få opp bruken av systemet på fleire område.

### Staus for dei ulike driftsområda

Fylkesrådmannen går nedanfor kort gjennom dei ulike sektorane og områda.

Innanfor budsjettområda politiske organ og administrasjon, fellesfunksjonar, eigedom, regional utvikling og kultur og idrett er tala om lag som venta, og det er god kontroll ved starten av 2019. Mesteparten av utgiftene er knytt til lønsutgifter og utbetaling av tilskot som ein har god styring og kontroll på. Det er heller ikkje stor risiko knytt til inntektspostane på desse sektorane.

Vurderinga er så langt at det er få risikofaktorar som kan føra til monalege negative budsjettavvik i 2019. For sentraladministrasjonen og fellesfunksjonar har ein hatt og vil framleis ha fokus på meir kostnadseffektiv drift, og det kan gje positive bidrag til fylkeskommunen sitt økonomiske resultat på slutten av året.

### Opplæring

Rekneskapsresultatet for opplæringssektoren i 2018 var eit positivt resultat på 3 mill. kr. Sett i høve til budsjettet sin storleik er dette å rekna for balanse. Dei siste åra har budsjettet til sektoren vorte ein del redusert, og resultata dei siste åra er resultat av godt arbeid og gjennomføring av naudsynte tiltak.

Avgjerande for å oppnå balanse i sektoren i 2019 er tett oppfølging av dei delane av budsjettet der det er størst risiko for avvik. Moment som kan vere utfordrande for økonomien i 2019 er; opplæring av minoritetsspråklige, fagopplæring, spesialundervisning og tilrettelagt undervisning.

I kvartalsrapporteringa til fylkesrådmannen, som snart startar opp, vil prognosane som skulane kjem med vere sentrale. Her vil ein tidleg kunne rette merksemد mot dei einingane der det er størst risiko for eit negativt årsresultat.

Førebelse tal syner at det er noko nedgang i søkeringa til vidaregåande skular i Hordaland samanlikna med inneverande skuleår. Det er også nokre endringar i fordelinga av søkerar til dei ulike utdanningsprogramma. Det er for tidleg å vurdere kva effektar dette får økonomisk. Årsprognose for skulane og dei andre delane av opplæringssektoren kjem fylkesrådmannen tilbake til i tertialrapporteringa.

#### Samferdsel

For samferdselssektoren har utviklinga innanfor kollektivområdet vore sentral. Skyss si kostnad- og inntektsside har vore avgjeraende for samferdselssektoren sitt samla resultat, og også viktig i høve til HFK sitt årsresultat. Framleis er det uvisse knytt til nivået på billettinntektene for 2019. Dette i høve til eit inntektsbudsjett som er auka frå 2018 til 2019, og der det er rekna inn ein inntektsvekst og ei vidare positiv utvikling i talet på reisande. Når det gjeld kostnadssida, hadde Skyss i 2018 ei positiv kostnadsutvikling for operatørkontraktar. Det er for tidleg, utifrå tala etter 2 månadar, å seie om trendane held fram gjennom 2019. Fylkesrådmannen vil kome attende med årsprognose for inntektene og for kollektivområdet i tertialrapporten pr. april til fylkestinget i juni.

Vegvedlikehaldet er eit område som har hatt meirforbruk dei siste åra; i 2017 var det eit meirforbruk på 40 mill. kr og i 2018 var det eit meirforbruk på 35 mill. kr. Delar av denne overskridninga skuldast uver og stormar. I tillegg fekk ein negative økonomiske utslag grunna regulering av drifts- og vedlikehaldskontraktar. Fylkesrådmannen vil følge opp dette området tett for å unngå eit stort meirforbruk i 2019. I det ligg det ei forventing om at det vert gjort naudsynte tiltak slik at vegvedlikehaldet vert styrt innanfor tilgjengelege økonomiske rammer.

#### Tannhelse

Tannhelsesektoren fekk eit negativt reknesaksresultat på 1,5 mill. kr i 2018. Resultatet var eit steg i rett retning, med tanke på at sektoren har hatt større underskot dei føregåande åra.

I 2018 vart det gjennomført ein stor kostnadsreduksjon gjennom oppseiinga av individuelle incentivavtalar. Dersom ein tek omsyn til denne store kostnadsreduksjonen, så burde ein kunne forvente eit betre resultat for 2018. Grunnen til at den positive effekten ikkje vart større er at ein del klinikkar i 2018 hadde stor nedgang i pasientinntektene. Reduserte pasientinntekter kom igjen av at klinikkar hadde lågare produksjon, eller valde å behandle fleire løvpålagte og færre betalande pasientar enn dei har gjort tidligare. Storleiken på kostnadsreduksjonen var om lag 5 mill. kr større enn inntektsvikten, slik at tiltaket hadde ein samla positiv økonomisk effekt i sektoren. Andre moment som bidrog positivt i 2018 var nye faktureringsrutinar i økonomisystemet og vidareutviklinga av detaljerte klinikkbudsjett.

Status pr. februar 2019 er at tannhelse har eit negativt budsjettavvik på nokre mill. kr. Klinikkkane samla sett har om lag balanse, medan TkVest/Hordaland har eit meirforbruk. Når det gjeld pasientinntektene så er inntektene frå betalande ikkje- løvpålagte pasientar redusert med om lag 0,6 mill. kr i høve til same periode i 2018. Fylkesrådmannen vil ha stor merksemد på utviklinga innan sektoren, og vil vurdere tiltak dersom tala ikkje syner betring dei neste månadane.

#### Konsesjonskraftinntekter

Fylkestinget vedtok eit budsjett for konsesjonskraftinntekter på 70 mill. kr for 2019, og prognosene pr. januar er 73,9 mill. kr. Det at prognosene så tidleg på året er god, har igjen samanheng med at kraftprisen i det siste har auka. I prognosene er det også teke høgde for at det tidlegare er inngått finansielle sikringar for ein del av volumet til andre prisar enn det ein no ser i marknaden.

### Skatt og rammetilskot

Skatteinngangen i januar og februar er godt i samsvar med budsjettet. Førebels er det ikkje venta store budsjettavvik på skattekapittelet.

Det som vil avgjere skatteresultatet i år, som tidligare år, vil vere konjunkturar og korleis skatteinngangen i Hordaland er i høve til andre fylke. Fylkesrådmannen vil følgje utviklinga i skatteinntektene nøyne, og kome attende med ein årsprognose i tertialrapporten pr. april. Då vil ein ha oppdaterte tal for dei fire første månadane av året; mellom anna for mars månad som er ein stor «skattemånad».

### Renter og avdrag

Så langt er det godt samsvar mellom prognosene for renter og budsjettet på området.

### Pensjonskostnadar

Hordaland fylkeskommune legg til grunn berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse ved budsjetteringa av pensjonskostnadane i 2019. Nye tal eller føresetnader som skulle avvika frå det som vart lagt til grunn hausten 2018, og som ligg i budsjettet, kjem eventuelt i april. Førebels er prognosene at dette området endar opp i balanse.

### Oppsummering

Fylkesrådmannen legg på noverande tidspunkt til grunn at fylkeskommunen samla sett kjem ut i balanse ved utgangen av året. Med stram budsjettstyring er målet at sektorane og avdelingane leverer positive bidrag til det samla økonomiske resultatet i 2019. Nokre budsjettområde har ujamt forbruk gjennom året. Når ein tek omsyn til tekniske tilhøve, samsvarar rekneskapen pr. februar 2019 i hovudsak med budsjettet pr. februar 2019.

I tabelloversynet under er rekneskap, budsjett og rekneskapen pr. februar 2018 sett opp.

Tal i tusen	Rekneskap feb. 2019	Budsjett feb. 2019	Budsjettavvik feb. 2019	Rekneskap feb. 2018
<b>Politisk, kontroll, fylkesråd.</b>				
Kostnader:	22 340	33 746	11 406	19 618
Inntekter:	-589	-9 369	-8 779	-413
<b>Netto</b>	<b>21 750</b>	<b>24 377</b>	<b>2 627</b>	<b>19 205</b>
<b>Eigedom</b>				
Kostnader:	63 566	61 912	-1 653	55 146
Inntekter:	-15 198	-7 525	7 673	-13 985
<b>Netto</b>	<b>48 368</b>	<b>54 387</b>	<b>6 020</b>	<b>41 161</b>
<b>Økonomi- og org.avd.</b>				
Kostnader:	41 511	40 381	-1 130	38 153
Inntekter:	-3 760	-2 650	1 110	-3 597
<b>Netto</b>	<b>37 751</b>	<b>37 731</b>	<b>-20</b>	<b>34 555</b>
<b>Regional utvikling</b>				
Kostnader:	9 920	25 645	15 725	2 758
Inntekter:	-14 878	-40 477	-25 599	-30 823
<b>Netto</b>	<b>-4 958</b>	<b>-14 831</b>	<b>-9 874</b>	<b>-28 065</b>

<b>Samferdsel</b>				
Kostnader:	553 883	577 852	23 970	517 208
Inntekter:	-212 876	-201 274	11 602	-225 774
<b>Netto</b>	<b>341 006</b>	<b>376 578</b>	<b>35 572</b>	<b>291 435</b>
<b>Kultur og idrett</b>				
Kostnader:	59 895	82 131	22 236	51 133
Inntekter:	-18 687	-1 533	17 153	-3 544
<b>Netto</b>	<b>41 209</b>	<b>80 598</b>	<b>39 389</b>	<b>47 589</b>
<b>Tannhelse</b>				
Kostnader:	60 602	50 809	-9 793	58 741
Inntekter:	-16 712	-16 250	462	-16 355
<b>Netto</b>	<b>43 891</b>	<b>34 559</b>	<b>-9 332</b>	<b>42 386</b>
<b>Opplæring</b>				
Kostnader:	469 530	488 645	19 115	463 936
Inntekter:	-161 491	-50 596	110 895	-142 777
<b>Netto</b>	<b>308 039</b>	<b>438 049</b>	<b>130 010</b>	<b>321 159</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>				
Inntekter:	-1 078 208	-1 106 167	-27 958	-1 042 152
<b>Netto</b>	<b>-1 078 208</b>	<b>-1 106 167</b>	<b>-27 958</b>	<b>-1 042 152</b>
<b>Renter og avdrag</b>				
Kostnader:	-17 607	143 783	161 390	-10 984
Inntekter:	3 425	-7 150	-10 575	4 471
<b>Netto</b>	<b>-14 182</b>	<b>136 633</b>	<b>150 815</b>	<b>-6 513</b>
<b>Kraftinntekter</b>				
Kostnader:	12 468	8 333	-4 134	6 453
Inntekter:	-27 146	-23 667	3 479	-18 339
<b>Netto</b>	<b>-14 679</b>	<b>-15 333</b>	<b>-655</b>	<b>-11 886</b>
<b>Fellesfunksjonar/lønsavsetj.</b>				
Kostnader:	18 171	27 880	9 709	6 741
Inntekter:	-14 536	-11 483	3 053	-11 539
<b>Netto</b>	<b>3 635</b>	<b>16 397</b>	<b>12 762</b>	<b>-4 799</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-266 378</b>	<b>62 978</b>		<b>-295 924</b>

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. februar 2019 til orientering.